

KORLEIS SKULEN HAR FORANDRA SEG.

Opplæring av barn og ungdom har sjølvsagt alltid vore viktig. Bare for å overleve i Åmli i eldre tider trong ein allsidig kunnskap. Måten å dyrke jorda på, utnytte alt frå skogen, hauste av tamme og ville dyr, lage høveleg reiskap og utstyr, finne dei rette emna og mange andre oppgåver, kravde lang utdanning før ein meistra alt dette. For å bli god smed, dyktig snekker, flink jeger osv., måtte ein ha gode evne både i hovud og kropp. Ofte måtte ein person kunne litt av alt. Det at der var krav til lang og allsidig opplæring i eldre tider, har ein lett for å oversjå i vår moderne tid.

Opplæring i *teoretisk* kunnskap skal me sjå litt nærare på. Fyrste gong det blei prøvd på dette var då reformasjonen (Luthers lære) blei innført i Danmark-Norge i 1536. Klokkarane skulle då undervise barna i kristendom etter gudstenesta. Det skulle gå 200 år før det blei meir tvang og krav. I 1736 blei konfirmasjonen innført, dvs. "elevane" måtte bestå ei prøve. Nå burde ein lære å lese litt bibelsk stoff. 1739 blir rekna som stiftingsåret for norsk skule og me feira 250-års jubileum i 1989. Det tok sjølvsagt lang tid frå kongen laga påbudet i København til folk flest merka noko i Åmli. Prosten Christen Huuss fekk i 1745 laga *reglar* for korleis skulen skulle vere i Åmli. Om skuletida heiter det: "Skoletiden *bør* begyndes fra Allehelgensdag (fyrst i november) og vare til ved Paaske-Tider." "Skulen" var ei veke på kvar gard og læraren hadde alt han trong med seg frå plass til plass. Dette blei kalla *omgangsskule*. Løna til læraren blei innhenta ved litt innkrevjing av bøndene, men òg frå kollekt i kyrkja 2 gonger i året, og av og til frå straffebøter. Ei slik bot var frå ein bonde som hadde "holdt alarm" (fyllerbråk?) hos presten julaftan. Då læraren ofte slapp militærtjeneste, meinte mange det fekk vere nok om han ikkje skulle ha løn i tillegg! Lærarane klaga på at dei ofte ikkje fekk utbetala løn i det heile. Kunnskapen til lærarane kunne vere så som så. Ein lærar frå Åmli var i 1808 på eit kurs i Kristiansand med biskopen. Dei skulle ha grammatikk og hadde diktat. Læraren opplevde undervisinga slik:

"Når bispen sa punktum, så meinte han ein rund prikk, men eg skreiv *punktum* med store bokstavar. Og når bispen sa komma, då meinte han ein strek, men eg skreiv *komma* med bokstavar. Dette sa bispen var gale."

Lærarutdanninga blei betre då der kom *seminar* på Holt i 1839.

Å sende ungane på skulen medførte òg at det blei mindre arbeidskraft heime.

Frammøte blei mange stader elendig, sjølv om presten truga med straff.

Resultatet blei deretter. Ved ein "eksamen" i 1840 heiter det frå Hovde skulekrets at av 62 elevar hadde: "4 drengje begynt at skrive og regne, og 1 pige begynt at skrive."

I ein skuleprotokoll frå Tovdal står det om ein elev på slutten av 1800-talet at han i lengre tid hadde hatt ugyldig fråvere p.g.a. "at han ingen Bukse hadde at tage paa".

I 1847 kom den *fyrste faste skulen* i Åmli. Den låg i andre etasje i dåverande klokkargard Børtinghus. Staden er nå borte, men låg høgare oppe enn nåverande Børtinghus (Severin Valle). I 1871 stod Klokkargarden slik me kjenner den i dag ferdig. Den blei det *fyrste spesialhus* for skule og kommunelokale i Åmli. Etterkvart, men svært sakte, kom der forandringar. I tillegg til bare kristendom skulle litt lesestoff vere henta frå geografi, naturfag og historie.

Det store vendepunktet kom i 1889. Nå blei namnet forandra frå *almueskole* til *folkeskole* og den var for alle mellom 7 og 14 år. Skuletida var 12 veke i året. Skulen blei delt opp i *storskulen* med mannleg lærar og *småskulen* med stort sett kvinneleg lærar. Fleire bøker og kart blei kjøpt inn. Det blei lekser og karakter i andre fag enn kristendom. Faga var nå i tillegg norsk, rekning, skriving, song, geografi, historie, naturfag og "dersom mulig" handarbeid/sløyd, teikning og kroppsøving. Små skulehus blei bygd over heile kommunen. I 1909 blei *nynorsk (landsmål)* innført og då var det 21 skulehus i nåverande Åmli kommune! I 1914 blei for fyrste gong alt skulemateriell *gratis* for elevane. Heilt fram til 1961 gjekk elevane på skule annankvar dag i Åmli, og engelsk og heimkunnskap var ukjente fag. Fyrst etter dette blei det same ordninga i bygd og by. I 1963 blei nåverande Åmli skule bygd, den fyrste i Aust-Agder med symjebasseng. I 1972 stod *ungdomsskulen* med gymnastikksal ferdig. Nå var det blitt 9-årig *grunnskule* for alle. Ein av dei nye tiltaka var *valfag*, m.a. tysk. Frå starten var dei skriftlege faga delt inn i 3 kursplanar etter vanskegrad. Dette fall vekk frå 1976. I 1997 byrja 6-åringane på skulen. Den reformen kravde at ein ny skulebygning blei reist ved sidan av den gamle. Me hadde fått 10-årig *grunnskule* og bytta ut det gamle karaktersystemet med tallkarakter i u-skulen. *Framhaldskule* har det vore i Åmli i om lag 75 år. På slutten av 1800-talet vaks behovet for teoretisk kunnskap. Julaftan(!) 1895 blei timeplanen for *fotsettelseskolen*, som han då heitte, laga i eit møte i skulestyret på Risland. Det blei ein voldsom auke i timar pr. veke, 7 timar om dagen, 5 dagar i veka. Merkeleg nok fans ikkje kristendom som fag i det heile på denne timeplanen. Forklaringa må vere at dette var ein skule for dei som alt var konfirmerte. Frå starten skulle gutar ha fyrste retten, og bare dersom der var ledig plass kunne jenter takast inn. (Dette blei vedtatt mot ei stemme, Olaf Salvesen, far til Engvald Bakkan. Han ville stille jenter og gutar likt.) Etter 1908 blei der ei ordning der framhaldskulen ambulerte med 2 år i Åmli og 1 år i Gjøvdal. Skulehus i Åmli har vore Klokkargarden, Elvarheim og Forsamlingshuset (då realskulen var på Elvarheim). Siste kull gjekk ut av framhaldskulen i 1971.

Realskulen starta som privatskule utan eksamensrett i 1945 på Elvarheim. Frå 1949 blei den offentleg godkjent. I 1956 flytta dei inn i nye bygningar, det som er Åmli Vidaregåande Skole i dag. Siste kull på realskulen gjekk ut i 1973. Det var innføringa av 9-årig *grunnskule* som gjorde til at framhaldskulen og realskulen forsvann.

KRETSSKULANE NÅ.

Slik me kjenner skulane i kretsane i dag (2001), er bygningsåret fyjgjande: **Nelaug** 1957 (tilbygg/gymsal 1979), **Dølemo** 1958, **Tovdal** 1969 og **Gjøvdal** 1974(gymsal 1978).


OVERSIKT OVER GAMLE SKULEHUS I ÅMLI KOMMUNE

(Etter Ellinor Oland, 1987: "Skulehistorie for Åmli")

Tovdal	Bygd	Nedlagt	Nåverande funksjon
Austenå	1891	1960	Grendehus
Øvre Ramse Frå 1933 også skule for Ytre Ramse	1905	1959	Privat eige
Ytre Ramse	1908	1933	Privat eige
Skjeggedal	1890	1942	Bustadhus, dels ombygd
Gjøvdal			
Smeland Sett opp på Smeland, flytta til Smeland bru i 1935	1892	1948	Privat eige
Jørundland Var òg skule for Askland og Mjåland. Stod før v/Furulund, flytta til nåverande stad i 1919 p.g.a. samanslåing m/Askland krins.	1888	1963	Gjøvdal skyttarlag nytta huset til trening. Har fått huset av kommunen.
Askland Krinsen slått saman med Jørundland og Mjåland i 1919.	1891	1919	Grendehus
Mosvald (Åmland krins frå gammalt.)	1891	1960	Skulemuseum og grendehus
Homdrom Oppført på Oland, flytta frå Oland til nåverande stad i 1891. Nedlagt då nyskulen på Mosvald blei teken i bruk i 1974.	Ca 1880	1974	Nytta til møte av Gjøvdal bygde- ungdomslag

Olstad Bygging bestemt i 1888, 12" x 32" (skulestoge, kammers, kjøkken og sval)	1891	1917	Riven
Åmli			
Øy	1909	1925	Grendehus
Sandå Oppført på Fiskvatn, brann i 1885, bygd opp att i 1886. Flytta til Sandå i 1937.	1876		Bustadhus
Skeimo	1937	1957	Bustadhus
Vehus	1906	1937	Grendehus
Eppeland gml. skule	1885	1908	Riven, sett opp att som bustadhus på Dølemo
Eppeland	1908	1958	Misjonshus til 1997
Gjermones	1899	1956	Grendehus
Tveit	1890	1963 Småskule etter dette	Grendehus
Børtinghus, 2. høgda Fast skule frå 1847 til 1871			
Klokkargarden Ny skule etter Børtinghus. Neste nye skule for denne krinsen blei Kyrkjebygda skule.	1871	1894	
Kyrkjebygda	1894	1963	Flytta til Nelaug, er forsamlingshus.
Simonstad (Protokollar manglar.)	1891		Riven
Flaten	1900	1957	Eigar Åmli kommune, unytta for det meste
Mosberg	1889	1957	Grendehus/barnehage
Nelaug	1936	1953	Har vore butikk ei tid etter 1953, nå privat eige.

Meir om temaet: O.Salvesen, "Bidrag til Åmli bygdehistorie."
Ellinor Oland, "Skulehistorie for Åmli."
Mosvald skulemuseum.



OPPGÅVER TIL KORLEIS SKULEN HAR FORANDRA SEG.

1. Kva årstal blir rekna som stiftingsåret for norsk skule?
2. Korleis var "skulebygningane" den fyrste tida?
3. Kva var det viktigaste faget den fyrste tida?
4. Korleis var lærarutdanninga i byrjinga?
5. Når kom og kor låg den fyrste faste skulen i Åmli?
6. Kva skjedde med skulen i 1889?
7. Kor mange skulehus var det i Åmli i 1909?
8. Når fekk me ungdomsskule i Åmli?
9. Fortel kort om realskulen i Åmli.
10. Gå gjennom lista over gamle skulehus i Åmli kommune. Notér ned dei du veit kor ligg i dag.

